

Tokke kommune  
Åmdals Verk.

Reguleringsplan for gnr. 143, bnr. 2 m.fl.

Reguleringsføresegner.

Område for frittliggende bustadhus.

- § 1. Det regulerte området er i planen vist med reguleringsgrense. Innanfor denne avgrensingslinja skal busetnaden plasserast og ha møneretning som vist på planen.
- § 2. I området kan det oppførast bustadhus i inntil 2 etasjar med tilhøyrande garasje/uthus. Der terrenget etter bygningsrådets skjønn ligg til rette for det, kan det for 1 etasjes hus tillatast innreidd underetasje i samsvar med føresegnene i byggeforskriftene. Dei ytterveggene i underetasjen som er over bakken, skal utførast i same materiale som huset forøvrig.
- § 3. Bygningens grunnflate, inklusive garasje/uthus, overdekt terrasse m.m. må ikkje overstige 25 % av tomtas areal. Eksisterande bustadhus som inngår i planen kan utvidast innanfor ramma av bygningslova.
- § 4. Bygningens høgde må ikkje overstige 3,0 m for 1 etasjes hus, målt frå nåverande terrengs høgste punkt ved grunnmur til gesims.  
For hus med meir enn ein etasje kjem normal etasjehøgde i tillegg til krava for første høgda.
- § 5. For kvart enkelt bustadhus skal det avsettjast plass for ein dobbel garasje, samt plass for oppsetjing av 2 bilar. Garasje/uthus skal vera i 1 etasje og tilpassa bustadhuset med omsyn til materialvalg, form og farge.  
Plassering av garasje skal vera vist på situasjonsplan som fylgjer byggemelding for bustadhus, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samstundes med dette.
- § 6. Bygningane skal ha saltak. Takvinkelen skal vera 22 grader. Bygningsrådet kan fråvike denne føresegna for grupper av hus. Flate tak vert ikkje tillatt.

§ 7. Bygningsrådet skal ved handsaminga av byggemeldinga ha for auga at busetnaden får ei god form og materialhandsaming og at bygningar i same byggefelt får ei harmonisk utforming. Det skal nyttast mørke fargar. Taktekinga skal vera mørk.

§ 8. Dersom planen ikkje viser noko anna, er minimum avstand frå regulert vegkant til busetnad 5 meter. Garasje som vert lagt med innkøyring parallelt med vegen, skal ha minsteavstand 2 meter frå regulert vegkant. Til tomt nr. 42 og skuletomta kan gangvegen nyttast til naudsynt køyring.

Område for offentlege bygningar.

§ 9. I området for renseanlegg kan det oppførast bygningar naudsynt for drifta av anlegget.

I området for skule og samfunnshus kan dei eksisterande bygningar utvidast eller det kan førast opp nye bygningar innanfor føremålet.

Bygningsrådet skal sjå til at val av materiale, form og farge harmonerer med omkringliggande bustadområde. Nybygg skal ha saltak.

Område for landbruk.

§10. I område for landbruk skal det oppførast bygningar som er naudsynt for drifta av eigedomen.

Felles føresegner.

§11. Gjerde i eigedomsgrense mot veg må ikkje overstige 0,6 m høgde. Høgare gjerde må trekkast 1,5 m inn. Utføring og farge skal godkjennast av bygningsrådet.

§12. Inga tomt må plantast med tre eller buskar som, etter bygningsrådets skjønn, kan verke sjenerande for den offentlege ferdsel.

§ 13. Mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsfø-  
segnene kan, dersom særlege grunnar talar for det,  
tillatast av bygningsrådet innanfor ramma av byg-  
ningsløggevænaden og bygningsvedtektene for Tokke  
kommune.